

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2016. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2015 til 2016. Som frie inntekter er her rekna inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2015. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2015 til 2016 er anslått til 2,7 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget for 2015 og 2016 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2014. For skatt på inntekt tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2014, framskrive med innbyggjartalet i 2015. Ut ifrå skatt i 2014 framskriven med innbyggjartal for 2015, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt mellom fylkeskommunane både for 2015 og 2016. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2014-nivå (inntektsåret 2013).

Tala for rammetilskot 2015 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2015. Rammetilskotet for 2016 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2015 korrigererte for oppgådeendingar, regelendingar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2016. I 2016 er summen av desse endringane 257,050 mill. kroner. Korreksjonar i 2016 er viste i innleiinga til Grønt hefte. Alle oppgåvekorrigeringar er gjort på fylkeskommunenivå.

Veksten i frie inntekter frå 2015 til 2016 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2015. Skatteanslaget for 2016 er 30,350 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2015 til 2016, anslag rekneskap, er nominelt 3,5 prosent.

Skjønstilskot som blir fordelt under året for 2015 og for 2016 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. Ufordelt skjønn består i 2015 av 100 mill. kroner sett av i statsbudsjettet for 2015. I 2016 består ufordelt skjønn av 101 mill. kroner.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2015

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2015. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2015 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2015, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2015

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigeret for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er omtalt nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte, og i tabell C.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2016

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2015. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet teke utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2014. Desse er framskrive i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2015 og 2016 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2016. Skatteanslaget for den ein skilde fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigeret vekst frå 2015 til 2016

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigeret vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2015 til 2016 for den enkelte fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigeret vekst i pst. frå 2015 til 2016

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigeret vekst frå anslag rekneskap 2015 til 2016.